
Saksnr: 2020/79802-10
Saksbehandlar: Frank Tore Farsund Tveit

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		25.03.2021

Arrangementstilskot til større nasjonale og internasjonale junior- og seniormeisterskap i 2021

Forslag til vedtak

Hovudutval for kultur, idrett og integrering tildeler tilskot til større arrangement som vist i tabell under:

Søkn.nr.	Søklar	Arrangement	Tilrådd sum (kr)
1	Bergens-, Søråshøgda- og Sotra Sjakkklubb	Landsturnering i sjakk	50 000
2	Idrottslaget Gular Friidrett	NM Terrenngløp	100 000
3	Norsk Knarrklubb Vest	International Knarr Championship 2021	0
4	Hardanger Handbak Klubb	Hardanger Open	0
5	Bergen Triatlon Events AS	Lansering/arrangement 2021 og planlegging verdenscup 2022	0
6	Ask Friidrett	Junior NM Friidrett	0
7	Vestland Idrettskrets	NM-Veka 2022	250 000
8	Norges Vektløftarforbund	VM Vektløfting 2025	0
9	Laksevåg Bordtennisklubb	NM Bordtennis	50 000
Totalt			450 000

Løyvingane vert dekt innanfor vedteke budsjett for 2021 frå post 460.111, tilskot til store arrangement.

Samandrag

Idrettslag og særforbund kan søkje tilskot til store nasjonale og internasjonale junior- og seniormeisterskap som skapar stort engasjement, samhald, motivasjon til idrettsleg satsing og positive ringverknader for næringslivet.

Det kom inn 9 søknadar til denne ordninga. Dette er færre enn tidlegare år, men kan truleg ha samanheng med koronasituasjonen som gjer det vanskeleg å arrangere større arrangement. Fleire av aktørane som fekk tildelt støtte frå denne ordninga i 2020 har utsett sine arrangement til 2021.

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør

Britt Karen Spjeld
seksjonssjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Idrettslag og særforbund kan søkje tilskot til store nasjonale og internasjonale junior- og seniormeisterskap som skapar stort engasjement, samhald, motivasjon til idrettsleg satsing og positive ringverknader for næringslivet.

Føremål med ordninga

Fylkeskommunen ønskjer at Vestland skal vere attraktiv for store meisterskap, og å vere ein viktig aktør for arrangørar i Vestland.

Generelt:

Vedtakskompetanse: Hovudutval for kultur, idrett og integrering, jf. vedteke reglement for hovudutval for kultur, idrett og integrering, punkt 3.

Budsjett 2020: Sum kr. 450 000

Søknadsfrist 2020: 15. februar

Vedtaks kriteria: KULII 2.12 2019, PS 8/2019

Kriteria og informasjon om ordninga: <https://www.vestlandfylke.no/idrett-og-friluftsliv/idrett/arrangementstilskot-til-storre-nasjonale-og-internasjonale-junior--og-seniormeisterskap-i-2020/>

Tal på søknadar: 9

Tal på søknadar som vart tildelt støtte: 4

Samla søknadssum: Sum kr 2 011 600

Samla løyving: Sum kr 450 000

Fylkesrådmannen sine overordna kommentar til innstillinga:

Det siste året har vore utfordrande for mange, også for gjennomføring av idrettsarrangement. I 2020 var det 20 søknadar til denne ordninga, medan det i år er kome inn 9 søknadar. Sett i lys av situasjonen i verda er ikkje dette unaturleg. Det bør også nemnast at fleire av arrangementa som fekk tildeling i 2020 vart utsett, og vert gjennomført i 2021 i staden. Desse har fått overført løyvinga frå 2020.

Det er stor variasjon i størrelse og omfang i søknadane som har kome inn i år, og det kan vere utfordrande å vurdere mellom desse. Kriteria for ordninga er lagt til grunn for vurderingane i saka. Kvar enkelt søknad er vurdert opp mot dei ulike kriteria. Eventuelle kommentarar på kvar enkelt søknad ligg i tabellen nedst i saka.

Det er to søknadar der ein søkjer om midlar knytt til arrangement som skal gjennomførast i 2022. Dette gjeld NM-veka (Vestland Idrettskrets) og verdscup i triatlon (Bergen Triatlon Events AS). NM-veka skal arrangerast på Voss og i Bergen i mars 2022, medan verdscup triatlon skal arrangerast seinare på året, truleg i august. NM-veka vert dermed arrangert så tidleg på året at dei ikkje rekk å søkje på denne ordninga neste år, medan verdscup triatlon vil ha høve til å søkje neste år. 24 idrettar har meldt sin interesse for å gjennomføre sine NM som del av NM-veka, og såleis er det ekstra viktig med ein føreseieleg økonomi. Det vert derfor vurdert at NM-veka får midlar i år.

Av dei 9 søknadane gjeld 5 av søknadane nasjonale NM-konkurransar, medan 4 av søknadane gjeld internasjonale konkurransar av ulik størrelse og omfang. Grunna koronasituasjonen er det framleis usikkert om og korleis ein skal kunne gjennomføre internasjonale konkurransar i 2021, og om internasjonale utøvarar kan/vil komme til Norge. Denne usikkerheita har bidrege til at ein i denne saka prioriterer tildeling til NM-konkurransar.

Når det gjeld søknaden frå Norges Vektløftarforbund knytt til VM i vektløfting i 2025 søkjer dei i år om 500 000 kr, samtidig har dei søkt om til saman 8 mill. kr. i støtte fordelt på åra 2021, 2022, 2023, 2024 og 2025. Forbundet har per i dag ikkje fått tildelt arrangementet, og vil i løpet av våren

2021 avgjere om dei vil søkje om å få det tildelt. Fylkesdirektøren har hatt eit møte med forbundet saman med Sunnfjord kommune for å få meir informasjon om planane. Det vert vurdert å fremje ei eiga PS om dette prosjektet i seinare politiske møter.

Absolutte kriteria

- Organisasjonsledd knytt til Norges idrettsforbund, Norges Bilsportsforbund og Det Frivillige Skyttervesen kan søke på ordninga. Andre organisasjonar blir vurdert særskilt.
- Ordninga gjeld for større nasjonale og internasjonale junior- og seniormeisterskap (ikkje Norgescup).
- Meisterskap som er likestilt med nasjonale meisterskap som til dømes landsskyttarstevne kan også søke om tilskot.
- Det same meisterskapet kan støttast frå denne ordninga i tre år. Etter det kan det ev. søkjast om driftstilskot til arrangementet.

Vurderingskriteria

- Tal og geografisk spreining på deltakarar
- Rekruttering og opplæring av frivillige
- Budsjett med detaljar om påmeldingsavgift
- Krav om kommunal medverknad
- Medie- og marknadsføringsstrategi for arrangementet
- Nasjonal mediedekningTyding for lokalsamfunnet i høve til lokalt næringsliv og andre samarbeidspartar
- Arrangør har ein klår og tydeleg miljøprofil (grøne arrangement)
- Vestland fylkeskommune har rett til å gjere eigne vurderingar knytt til regionale føringar og styringsdokument

Vurderingar og verknader

Økonomi: Tildelinga er i samsvar med budsjett. Tilskotsordningar på kulturfeltet er eit økonomisk verkemiddel og står sentralt i den regionale kulturpolitikken til Vestland fylkeskommune.

Klima: Det vert vurdert om arrangør har ein klår og tydeleg miljøprofil (grøne arrangement).

Folkehelse: *Regional plan for folkehelse 2014 - 2025 - fleire gode leveår for alle:* Idretts- og kulturarrangement kan ha ein positiv påverknad på folkehelsa.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024: Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027, *Kultur for alle*, og regional plan for kultur i Hordaland 2015-2025, *PREMISS: KULTUR* set mål for tilskot til kunst- og kulturføremål.

Konklusjon

Fylkesdirektør viser til vurderingane i saka, samt vurderingane knytt til kvar enkelt søknad i tabellen under, og rår til vedtak i samsvar med forslag til vedtak.

Under viser tabellen i sin heilskap med vurderingar:

Søklar	Arrangement	Søknadssum	Tilråding	Vurdering
Bergens-, Søråshøgda- og Sotra Sjakklubb	Landsturnering i sjakk	50 000	50 000	Sjakk er ikkje del av NIF, men ordninga opnar for at organisasjonar utanfor NIF paraplyen kan vurderast særskild. Difor har denne søknaden kome med i vurderinga i år. Landsturneringa har i Norges Sjakkforbund tilsvarende status som eit NM i ordinære idrettar.
Idrottslaget Gular Friidrett	NM Terrenngløp	150 000	100 000	NM i terrenngløp, korte løyper og stafett. NM konkurranse for både

				junior, senior (elite) og veteran.
Norsk Knarrklubb Vest	International Knarr Championship 2021	100 000	0	Knarr er ein type seglbåt. Dette er ein årleg internasjonalt seglekonkurranse som går på rundgang mellom Norge, Danmark og USA. Med 84 deltakarar fordelt på 21 båtar er dette eit lite arrangement og det vert ikkje prioritert for tildeling.
Hardanger Handbak Klubb	Hardanger Open	561 600	0	Dette er ikkje eit meisterskap, men ein open internasjonal konkurranse som inkluderer eit treningsseminar. Arrangementet vert ikkje prioritert for tildeling.
Bergen Triatlon Events AS	Lansering/arrangement 2021 og planlegging verdenscup 2022	250 000	0	Lanseringsarrangementet det vert planlagt for i 2021 fell utanfor ordninga. Søkjar kan søkje til gjennomføringa av verdscup-arrangementet som skal vere i august 2022 om/når tilskotsordninga vert lyst ut på nytt for søknadsåret 2022.
Ask Friidrett	Junior NM Friidrett	100 000	0	Søknaden har fleire manglar. Søkjar har fått høve til å ettersende meir informasjon, men har ikkje nytta seg av dette.
Vestland Idrettskrets	NM-Veka 2022	250 000	250 000	Stort arrangement der ein samlar NM i fleire ulike idrettar på same stad (Bergen/Voss) i same veka. 24 ulike idrettar har p.t. meldt interesse. Arrangementet vert gjennomført i mars 2022 og det vert vurdert at dei bør få tilskot i 2021 fordi dei ikkje vil rekke å søkje om midlar før arrangementet er arrangert i 2022.
Norges Vektløftarforbund	VM Vektløfting 2025	500 000	0	Søkjar har ikkje fått tildelt arrangement enda, men vurderer å søkje om å få det tildelt. Dersom dei får tildelt arrangement kan/bør tilskot til arrangementet vurderast i ei eiga sak ettersom dette vil vere eit stort internasjonalt arrangement.
Laksevåg Bordtennisklubb	NM Bordtennis	50 000	50 000	NM for senior. Arrangementet er også ope for parautøvarar. Søkjar hadde misforstått søknadsfristen og sendte derfor søknaden inn for

				seint. Etter grundig vurdering vert søknaden likevel vurdert.
--	--	--	--	---